

# Treng du ein ansvarleg søkar i di byggesak?

Vår kunnskap og kompetanse – din verdi



OSE har høg kompetanse og lang erfaring innan byggesak. Vi gir deg råd og bistand gjennom heile søknadsprosessen og tek hand om din byggesøknad.



Skal du i gang med eit byggeprosjekt og er usikker på korleis du går fram? Plan- og bygningslova og byggesaksforskrifta stiller krav til alle byggearbeid og om du må søke for å bygge på eigedomen din.

Som tiltakshavar er du ansvarleg for at byggearbeidet har rett kvalitet og er i samsvar med plan. Med OSE som ansvarleg søkar, kan vi påsjå at alle krav blir teke hand om og at din byggesøknad blir oversiktleg og inneheld nødvendige opplysningar, slik at kommunen kan behandle saka.



## MÅ DU SØKE OM Å BYGGE?

Alle byggearbeid er i utgangspunktet søknadspliktige, men det finst nokre unntak. Du kan sjølv finne ut om byggearbeidet er søknadspliktig på nettstaden til din kommune eller på Direktoratet for byggkvalitet, [dibk.no](http://dibk.no).

Sjølv om eit byggearbeid er unnateke søknadsplikt, må det vere i samsvar med kommunale planar og byggetekniske krav.



Vår kunnskap og kompetanse gjer at vi kan medverke i alle typar utbyggingar

## ANSVARLEG SØKAR

For enkelte mindre arbeid, kan du sjølv vere ansvarleg for å sende søknad til kommunen. Med OSE som ansvarleg søkar, er vi din representant ovanfor kommunen og vi tek ansvar for heile byggesøknaden.

I tillegg til søkar, må alle arbeid/fagområde vere belagde med ansvar. Det betyr at fagfolk må erklære ansvar for arbeidet som skal utførast.

Som ansvarleg søkar, sørger OSE for ein oversiktleg gjennomføringsplan.

OSE vil gjerne vere ansvarleg søkar i di byggesak. Vi kan hjelpe deg med byggesøknad, dispensasjonssøknad, seksjonering og eigedomsdeling/delesøknad.

## NABOVARSEL

Alle naboar og gjenbuarar skal bli varsla før du søker om byggeløyve. Nabovarsling må skje korrekt, for å unngå fleire runder både før og etter utbygginga. Tilstrekkeleg informasjon og dokumentasjon sikrar at naboane dine kan vurdere om dine planar får følgjer for dei. Merknadsfrist for nabovarsel er 14 dagar.



## SØK OM FERDIGATTEST

Når byggearbeidet er ferdig og før ein tek det i bruk, må du søke om ferdigattest.

Dersom enkelte arbeid ikkje er ferdig, men sikkerheita er teke hand om og ein ønskjer å ta i bruk delar av bygninga, kan ein søke om midlertidig bruksløyve.

Kommunen set ein frist for å ferdigstille arbeidet, og når det er gjort, må du søke om endeleg bruksløyve (ferdigattest).

Les meir på [oseing.no](http://oseing.no)



Foto: framside og bakside: pixabay.com

Kontakt oss  
om byggesak

## Kven er vi?

OSE er planleggarar, rådgivande ingeniørar og takstmenn med kontor i Ørsta, Ålesund og Nordfjordeid.

I nærare 60 år har vi tileigna oss kjennskap til kva som er essensielt i møte med kundane våre. Med OSE som rådgivar i prosjektet ditt, stort eller smått, skal du vere sikker på kva du kan forvente deg.



OSE AS | 70 04 52 20 | oseing.no

Liv Karin Egset  
Camilla Fjørtoft  
Erlend A. Blankholm

liv.karin@oseing.no  
camilla@oseing.no  
erlend@oseing.no